



Utmarkslag i Tinn

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 Trondheim

Mottatt:

24 MAI 2018

Arkivkode:

K46

Saknr.:

09/410-7

Saksbeh.:

SVL

23.05.18

## Klage på kvotevedtak Hardangervidda villreinområde 2018

Villreinnemnda handsama fellingskvote i telefonmøte 26.04.18 og vedtaket vart sendt ut ved e-post av 03.05.18. Vi vurderar dette som eit einskildvedtak som kjem inn under reglane i § 28 i forvaltingslova og påklagar vedtaket med krav om at kvota må aukast frå 1500 dyr til 3000 dyr i 2018. Bestandsplanen bør reviderast.

Det er villreinnemnda som er tillagt ansvaret for å fastsetja årleg fellingskvote for villrein (jf. § 28 i hjorteviltforskrifta) og skal syta for at det ligg føre eit godt faglegr grunnlag for vedtaket. Etter vår vurdering har villreinnemnda i for liten grad utvikla eigne faglegr vurderingar før det vart fatta kvotevedtak for 2018.

I kvotevedtaket er det og vist til at dette er gjort i samsvar med bestandsplanen for Hardangervidda villreinområde. Etter 1. ledd i § 27 i hjorteviltforskrifta er det villreinnemnda som godkjenner bestandsplanar. I 2. ledd i den same paragrafen går det fram at villreinnemnda kan avgjera at det skal lagast ny bestandsplan dersom det oppstår vesentlege uføresette endringar i bestanden i løpet av planperioden. Utviklinga i stamma er ei heilt anna enn det som var føresett då planen vart vedteken, slik at det er naudsynt å ta bestandsplanen opp til ny vurdering.

Fellingsstatistikken frå 2010 til 2017 visar at det er felt ein svært høg del simler. Mest ekstremt i 2014 då det vart felt 1267 simler av eit totalt uttak på 2575 dyr (nær 50 %). Over tid har simleuttaket i rekna i prosent vore markert høgare enn det som kan reknast som "vanleg" i andre villreinområde. I dei aktuelle åra vart fellingskvoten på Hardangervidda vesentleg større, slik at talet på felte simler vart auka med ein faktor på 2,8 frå 2012 til 2014. Basert både på teori, vanleg sunn fornuft og mange praktiske eksempel er det velkjent innan storviltforvaltning at regulering av ei stamme gjennom stort uttak av hodyr er bestandsforvaltning med høg risiko. Ved å fella mange hodyr endrar ein produktiviteten raskt utan at ein i starten treng sjå ein stor nedgang i totalt dyretal. For rein kan ein litt forenkla sei at ved å fella ei simle tek ein livet av 3 dyr dei næraste åra. Ein kalv som skal erstatta ei simle får ikkje kalv før etter 2 år og nokre kanskje ikkje før dei er 3 år. I tillegg er det relativt større dødleghet i tida frå kalv til vaksen simle. Ein nedgangen i stammestorleik, slik det er rapportert etter totalteljinga i 2018, kan i stor grad forklarast som ein effekt av uttaket av simler, særleg frå 2013 til 2016. Strukturtejingane viste ikkje rask nedgang i simle-delen av stamma i desse åra og dei svært høge simle/ungdyr kvotane vart vidareført.

Fellingsstatistikken er ei relativt sikker registrering av kva som faktisk har skjedd. Dei simlene som er skotne er borte og produserer ikkje kalv lengre. Ulike typer teljingar gjev eit estimat av den verkelege tilstanden. Ved motstrid mellom fellingstal og strukturtejing bør ein gå ut frå at det er teljingane som ikkje er presise nok.

Basert på tilrådinga frå villreinutvalet legg villreinnemnda til grunn at tilveksten i villreinstamma på Hardangervidda i 2018 maksimal kan verta 1000 dyr, utan jakt og at maksimal kvote er 1000 dyr dersom det skal vera netto tilvekst på 500 dyr. Etter vår vurdering byggjer dette på ein føresetnad om at ulike negative forhold verkar i same retning. Det er t.d. lagt inn at 8,4 % av stamma daudar av naturleg årsakar i løpet av vinteren. Dette er eit høgt tal og byggjer ikkje på faktiske observasjonar innsamla i felt. Kalvetilveksten er sett til 1500 kalv før jakt. Kalvetilveksten vil auka når ein reduserer uttaket av simler. Det er og lagt til grunn ein høg fellingsprosent.

Vi ynskjer og å byggja opp stamma i åra framover. Men utgangspunktet er at ei vinterstamme på 7000 dyr og ville gje eit haustbart overskot, i prosent like stort som ei større stamme. Ved å normalisera bestandsstrukturen er det ikkje urealistisk å ha eit uttak nær 25 % rekna i høve til vinterstamma, dvs. felle oppimot 1750 dyr. Med ein felling på 35 % av tildelt fellingsløyver ville dette tilsvare ein kvote på 5000 dyr ved ei stamme på 7000 dyr. Dette er eit hypotetisk eksempel, men illustrerer at ein kvote større enn 1500 dyr i 2018 og vil gje stabil vekst i stamma. For å få reinstamma opp att på eit normalt nivå er det sjølvstøtt avgjerande å byggje opp simledelen av bestanden. Frå 2017 og bakover har det vore felt svært lite kalv kvart år. Dette inneber at det kan vera nokre relativt sterke årsklasser som no vert rekruttert inn i den mest produktive delen av simlesegmentet, det er simlekalvane fødd i 2015-16-17 som er avgjerande. Ved å halda avskytinga av simler relativt låg dei neste 2-3 åra er det sannsynleg at kalvetilveksten vil auka vesentleg og stamma vil ha betydeleg netto tilvekst også med ein kvote på 3000 dyr. Om ein held tildelinga av s/u ned mot 25 % dei neste 2 åra vil uttaket av simler vera svært lågt også med ein kvote på t.d. 3000 dyr. Om ein reknar med 45% felling gjev dette uttak av rundt 340 s/u og ein del av desse vil vera 1 ½ års bukk. Stamma er ikkje på eit dramatisk lågt nivå. For tilnærma seg ein normal fordeling på alder og kjønn er det fornuftig også å fella nokre simler.

Over tid bør målet for forvaltninga av reinstamma på Hardangervidda vera å få ein stabil bestand av simler med god fordeling på årsklasser. Dette kan ein aldri oppnå dersom ein har store svingingar i simleavskytinga. Den einaste måten å tilnærma seg ein jamn tilvekst av kalvar er å ha eit stabil simlesegment både i tal og aldersfordeling. Ei slik stabil bestand av reproduserande hodyr får ein gjennom å ha mest mogleg lik rekruttering kvart år. Men ein må og ta høgde for at det er variasjon i kalvetilveksten, slik at ein må sjå nokre år i samanheng. I gjeldande bestandsplan er det fokusert på kalveproduksjonen målt ved kalveteljing og at simle skal utgjera 40 % av stamma målt ved strukturtejing. For sterk fokus på å bruke desse teljingane som styringsverktøy inneber risiko for å skape store populasjonssvingingar. Vi vil tilrå at villreinnemnda innhentar ekstern kompetanse til å avklara dette punktet i bestandsplanen.

Mindre ekstreme svingingar i kvote har fleire fordelar i tillegg til dei som villreinnemnda har vist til i sitt vedtak (m.a. innsamling av CWD-prøver). Kvote på 1500 dyr vil medføra at mange som vanlegvis har vore på reinsjakt ikkje får tilgang til kort. For å ta vare på jakttradisjonane er det viktig at særleg ungdom kan koma på jakt kvart år. Det er og ei legitim interesse at grunneigarane ynskjer å ha stabil tilgang til jakt for eigen bruk og eventuelt utleige. Kroppstorleiken til simler og kalvar på Hardangervidda har auka mindre enn ein kunne venta etter tiår med relativt få dyr på vidda. Framleis er vektene lågare enn for villreinstammer i god kondisjon. I åra framover må ein rekna med at det vert viktig å avklara årsakene og eventuelt gjera grep i bestandsforvaltinga for endra dette. Det er og sannsynleg at det er ein fordel for dette arbeidet at bestandsveksten er moderat.

Etter ein periode med stor nedgang i villreinpopulasjonen rundt årtusenskiftet har vi hatt eit stabilt forvaltingsregime basert på lokal forvalting. Det er no likevel rapportert at det har oppstått utilsikta nedgang i stamma som har store konsekvensar for brukarane. Over lang tid har bestandsforvaltinga vore underlagt noko som kan kallast eit fleirtalsstyre rundt Hardangervidda. Vi meiner at tida er inne for meir konsensusbasert villreinforvalting. Med grunnlag i rolla som viltmyndighet er det naudsynt at villreinnemnda tek tak i situasjonen som har oppstått og leiar arbeidet med å gjennomføra viktige korreksjonar i bestandsforvaltinga av villreinen på Hardangervidda.

Med helsing

Stein O. Haakanes (sign.)  
Maarfjell Sameige

Knut Melby (sign.)  
Rupa AS

Jonny Marumsrud (sign.)  
Mår utmarkslag

Håvard Vågen (sign.)  
Gjøyst utmarkslag

Per Løitegård (sign.)  
Måna utmarkslag

  
Steinar Bergsland  
Tinn Jaktsenter